



Årdal kommune

Årdal eldreråd

Innkalling

Møtedato: 22.11.2021
Møtestad: Møterom Vikadal
Møtetid: Kl. 13.00

Fellesmøte med Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Gjennomgong av budsjett og økonomiplan for 2022 ved Geir Hansen.

Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melda frå til møtesekretær så snart som råd slik at varamedlem kan bli innkalla. Varamedlemer møter etter nærare innkalling.

Årdal kommune

Steinar Drægri
Leiar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
039/21	Godkjenning av innkalling og sakliste, signering av møteprotokoll
040/21	Budsjett 2022 / Økonomiplan 2022 - 2025
041/21	Uttale til budsjett/handlingsplan 2022
042/21	Ringbussen
043/21	Tonoavgift
044/21	Underholdning - Helge Folgerø
045/21	Ymse

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
039/21	Årdal eldreråd	22.11.2021

Sakshandsamar: Lene Risløw

Arkiv: K1-033

Arkivsaksnr. 21/1188 - 21/14334

Godkjenning av innkalling og sakliste, signering av møteprotokoll

Innkalling og sakliste til møte skal godkjennast. Det skal veljast 2 personar som skal signere og godkjenne møteprotokoll i lag med leiaren.

Framlegg til vedtak i møtet.

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
169/21	Formannskapet	19.11.2021
040/21	Årdal eldreråd	22.11.2021
032/21	Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne	22.11.2021

Sakshandsamar: Geir Hansen

Arkiv: K1-151

Arkivsaksnr. 21/1069 - 21/14265

Budsjett 2022 / Økonomiplan 2022 - 2025

Utlekkingssak

Saka gjeld

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022-2025 vert lagt fram for formannskap, for handsaming og utlegging til offentleg ettersyn i 14 dagar frå utleggingsvedtak 19. november 2021.

Høyringsfrist vert 3. desember 2021 kl. 15.00.

Bakgrunn

Budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 vert lagt fram i samsvar med kommunelova kapittel 14, §14-1 til §14-5.

Kommunen skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivareteke over tid, og det skal utarbeidast samordna og realistiske planar for eigen verksemd og økonomi, samt for lokalsamfunnet si utvikling.

For å ivareta langsiktig berekraftig kommuneøkonomi, skal finansielle måltal for kommunen sin økonomiske utvikling vedtakast.

Økonomiplan og budsjett skal settast opp i balanse og være realistisk, fullstendig og oversiktlig.

Drøfting

Grunnlaget for utarbeiding av Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022-2025 er gjeldande økonomiplan og budsjett 2021/revidert budsjett 2021.

Sentrale føringar;

- Framlegg til statsbudsjett 2022 - kommuneopplegget
- KS sin prognosemodell er nytta ved berekning av skatt på inntekt og formue
- KS sin prognosemodell er nytta ved berekning av rammetilskot
- Korrigering av eigedomsskatt i samsvar med lovendringar
- Ajourføring av stillingsheimlar og lønsnivå utfrå bemanning 2021
- Lønsvekst 2022 på 3,2% i høve statsbudsjett 2022
- Det er lagt til grunn netto råmetildeling på tenesteområda.

Råmene i økonomiplan for år 1 (2022), er tilsvarende råmene for årsbudsjett 2022. I utarbeiding av årsbudsjett for 2022 har kommunedirektøren nytta økonomiplanen som grunnlag.

Budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2022 er utarbeida med følgjande profil

- Stramt kommunebudsjett med lite handlingsrom
- Kommunen gjennomfører innsparingar for å sikra ei ansvarleg økonomisk drift, og for å dekke opp finansieringa av nye normer og krav
- Budsjett og økonomiplan prioriterar å halde nivået på tenesteytinga innanfor lovpålagte rammer, det kan forringe nivået på tenesteytinga
- Økonomiplan rettar prioriteringane mot dei voksende brukargruppene til kommunen
- Budsjett og økonomiplan sikrar ein positiv utvikling av netto driftsresultat, dette er nødvendig for å oppnå ein berekraftig kommuneøkonomi på lang sikt
- Strategien for å stabilisera befolkningsgrunnlaget fortsetter gjennom vidareføring av dei 3 delprosjekta omdømme, bustad og miljø i 2022.

Befolkningsprognose

SSB befolkningsframskriving syner eit estimert folketal for Årdal kommune på 5.089 innbyggjarar pr 1. januar 2022. Utviklinga i 2. og 3. kvartal hittil i år, tilseier at folketalet vert om lag 5.125 innbyggjarar pr 1. januar 2022. Dette vert lagt til grunn for berekning av skatt og rammetilskot i planperioden, då planverk og strategiar har ei målsetting om å oppretthalda og auke folketalet i perioden.

Befolkningsframskrivinga til SSB syner eit folketal på 4.909 innbyggjarar 1. januar 2025 og indikerar såleis kommunen sine utfordringar framover i planperioden. Men befolkningsframskrivinga syner no ein mindre markant nedgang og ein mindre auke i prognosen for 2025 samanlikna med tidlegare framskrivingar.

Økonomi

Finansielle måltal for utvikling av kommunen sin økonomi

Årdal kommune legg til grunn følgjande måltal for den langsiktige utviklinga av kommunen sin økonomi:

- Netto driftsresultat i % av driftsinntekter: 1,75 %
- Netto lånegjeld i % av driftsinntekter: < 75 %
- Disposisjonsfond i % av driftsinntekter: > 5 %

MÅLTAL	R2020	B2021	2022	2023	2024	2025
Netto driftsresultat i % av br. driftsinntekt	-1,3	0,5	0,4	1,1	1,1	1,1
Nto. lånegjeld i % av br. driftsinntekt	67,6	76,3	81	81	84	95
Disposisjonsfond i % av br. driftsinntekkt	2	2,9	2,8	3,9	4,9	6

Budsjett 2022 og økonomiplan syner at kommunen har ei positiv utvikling knytt til netto driftsresultat og disposisjonsfond i % av driftsinntekter i planperioden. Men kommunen har ein auke fram til 2025 i høve lånegjeld i % av driftsinntekter, grunna store investeringar spesielt innan helse. Lånegjeld grunna investeringar har ein auke i planperioden, medan driftsinntektene syner ein liten oppgang i same periode. Det er planlagt nedgang i nto.

lånegjeld fom. år 2026.

Årdal kommune vil tilstrebe ytterligere tilpassning til måltala i budsjettframlegga for dei komande åra i planperioden, for å betre den langsiktige utviklinga av kommuneøkonomien.

§5-4 Bevilgningsoversikt - drift (1A)

Beløp i 1000						
	Rekneskap 2020	Opph. budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025
Rammetilskudd	-162 398	-163 654	-169 079	-171 629	-173 563	-175 209
Inntekts- og formuesskatt	-155 410	-168 076	-173 464	-173 464	-173 464	-173 464
Eiendomsskatt	-65 571	-60 852	-61 512	-58 832	-58 832	-58 152
Andre generelle driftsinntekter	-29 779	-27 420	-27 420	-27 420	-27 420	-27 420
Sum generelle driftsinntekter	-413 159	-420 002	-431 475	-431 345	-433 279	-434 245
Korrigert sum bevillingar drift, netto	394 708	390 908	402 123	394 434	390 200	390 200
Avskrivninger	25 549	26 133	26 133	26 133	26 133	26 133
Sum netto driftsutgifter	420 257	417 041	428 256	420 567	416 333	416 333
Brutto driftsresultat	7 098	-2 961	-3 219	-10 778	-16 946	-17 912
Renteinntekter	-923	-1 555	-1 655	-1 655	-1 755	-1 755
Utbytter	-1 452	-5 000	-4 500	-3 500	0	0
Renteutgifter	7 769	6 215	5 729	7 353	8 530	8 530
Avdrag på lån	22 715	26 810	27 640	28 443	30 124	30 624
Netto finansutgifter	28 109	26 470	27 214	30 641	36 899	37 399
Motpost avskrivninger	-25 549	-26 134	-26 134	-26 134	-26 134	-26 134
Netto driftsresultat	9 659	-2 625	-2 139	-6 271	-6 181	-6 647
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	3 803	154	154	154	154	154
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-13 462	2 471	1 985	6 117	6 027	6 493
Dekning av tidligere års merforbruk i driftsregnskapet	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringer	-9 659	2 625	2 139	6 271	6 181	6 647

eller dekning av netto driftsresultat						
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0

Skatt på inntekt og formue / rammetilskot

Grunnlaget for skatt på inntekt og formue er ein positiv vekst i skatteinntekter på 9,5% i 2021, og ingen auke (0,0%) i 2022. Skatteveksten syner ellers ein flat utvikling på tilnærma 0% vidare i planperioden. Andel skatt og netto inntektsjustering for Årdal kommune i 2019 og 2020 var på 102,1%. Med oppsettet ovanfor er tilsvarende tal for kommunen på 101,7% i planperioden.

Grunnlag for rammetilskotet er med bakgrunn i 5.125 innbyggjarar pr. 1. januar 2022 og utarbeida i høve KS sin prognosemodell.

Eigedomsskatt forretningseigedom

Skatt på eigedom er justert for endringane innan taksering av verk&bruk som vart gjeldande frå 2019, og justert for endringa i kompensasjon vedteke i tidlegare statsbudsjett (2021).

Årdal kommune mister inntekt på kr 2.679.571,- årleg, totalt kr 18.756.997,- fram til og med 2025 som ei følge av at eigedomskategorien verk&bruk forsvinn.

Frå Statsforvaltaren var kommunen opprinnelig (2019) tilkjent ein årleg kompensasjon for verk&bruk endringa på kr 2.590.569,- årleg, totalt kr 18.133.983 over 7 år. I framlegget for statsbudsjett 2021 vart kompensasjonen redusert frå 500mill til 300 mill, og endringa gjev ein årleg reduksjon i kompensasjonen på kr 403.569,- (jmfr Grønt Hefte 2021 tabell C-k). Kompensasjonen er innarbeida i innbyggjartilskotet og vert utbetalt via rammetilskott, dette er med på å gjen Årdal kommune ein "feil" inntektsvekst ved framlegg av Statsbudsjettet/Grønt hefte. Ved å nytte KS sin prognosemodell for rammetilskott vert dette såleis innarbeidd i talmaterialet for heile planperioden.

Det er ikke avklara kva som vil skje med denne kompensasjonsordninga frå og med år 2026. Eit fråfall av kompensasjon vil gje Årdal kommune ein betydeleg økonomisk utfordring som må innarbeidast i dei komande budsjett og økonomiplanar om ikkje rammevilkåra vert endra.

Resultatet av klagesaker knytt til retakseringa er ikkje kjent og er ikkje innarbeida i framlegget.

Årdal kommune gjennomfører ein lovpålagt 10-års taksering av eigedomsskatt for skatteåret 2022. Det er usikkerheit kring takseringsresultatet og effekten på utrekning av nytt grunnlag for eigedomsskatt frå og med 2022. Nivået på eigedomsskatt forretningseigedom etter 10-års taksering er innarbeidd med ei auke på 0,5 mill.kr. i talmaterialet.

Eigedomsskatt kraftanlegg

Årdal kommune har ikkje registrert endringar i kraftskatt for budsjettåret 2022, då grunnlaget ikkje er gjort kjent før utarbeiding av saka. Stipulert endring vert sett til kr 0 mill. Det er såleis heft usikkerheit kring utrekningane frå Skatteetaten Storbedrift, grunnlaget frå 2021 er innarbeidd i talmaterialet for heile planperioden.

Eigedomsskatt bustad og fritidseigedom

Frå 2021 vert det ei lovendring som set ein ny maksimumssats på 4 promille for eigedomsskatt på bustad- og fritidseigedom. Dette gjev Årdal kommune ytterligare eit årleg innteksttap på kr 1.910.000,- i tillegg til tidlegare endring frå 7 til 5 promille i 2020.

Dette er innarbeidd i talmaterialet for heile planperioden.

Årdal kommune gjennomfører ein lovpålagt 10-års taksering av eigedomsskatt for skatteåret 2022. Det er usikkerheit kring takseringsresultatet og effekten på utrekning av nytt grunnlag for eigedomsskatt frå og med 2022. Nivået på eigedomsskatt bustad og fritidseigedom etter 10-års taksering er innarbeidd med ei auke på 2 mill.kr. i talmaterialet.

Avsetningar

I budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 er det lagt inn avsetningar til disposisjonsfond på kr 4,5 mill. i 2022. Vidare i planperioden er det lagt inn avsetningar som auka med 1 mill.kr pr år. Avsetningane er knytt til utbyttepolitikk og at sal av konsesjonskraft på sikt skal avsettast 100%. Dette gjev kommunen eit netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter frå 0,5% til 1,0% i planperioden.

Lønsjustering

Lønsvekst for 2022 er venta å bli 3,2% og den kommunale deflatoren berekna til 2,5% i høve statsbudsjettet for 2022. Lønsveksten på 3,2% er berekna med 4/12-effekt på registrerte stillingsheimlar i 2021, og ein 8/12-effekt på registrerte stillingsheimlar for 2022. Det tilsvarar ein auke i lønsbudsjettet på omlag 7 mill kr., som er innarbeidd i talmaterialet med ein avsetning til fordeling ved endeleg lønsoppgjer 2022

Pensjon 2022

Vekst i pensjonskostnadane for kommunane er venta å auke i samband med lønsveksten. KLP legg til grunn prognosar frå SSB og Norges Bank omkring lønns- og trygdeoppgjeret for 2022. Prognosane til KLP legg til grunn en årslønnsvekst på 3%.

Prinsippet for regulering av pensjon frå 2022 og framover er ikkje endeleg avklart og kommunen sin prognose legg til grunn KLP sin regulering i 2022. Utfrå dette vil netto pensjonskostnad 2022 ha ein mindre auke for 2022.

Årdal kommune legg til grunn ein avsetning til fordeling på 1,45 mill.kr ved endeleg lønsoppgjer 2022.

§5-4 Sum bevilgningar drift, netto (1B)

Beløp i 1000						
	Rekneska p 2020	Opph. budsjet t 2021	Øk.pla n 2022	Øk.pla n 2023	Øk.pla n 2024	Øk.pla n 2025
Folkevalde	5 838	5 006	5 302	5 302	5 302	5 302
Adm.leiing	22 855	23 580	23 879	20 379	20 179	20 179
Personalstab og fellesutgifter	8 629	10 106	10 295	10 295	10 295	10 295
Økonomistab	3 367	3 773	3 756	3 756	3 756	3 756
Støttestab	2 794	2 520	2 605	2 605	2 605	2 605
Utvikling	7 601	9 001	9 522	9 022	9 022	9 022
Tangen skule	27 556	28 855	28 562	28 562	28 562	28 562
Farnes skule	41 799	39 431	39 209	39 209	38 676	38 676
Barnehagar	36 474	37 325	36 557	33 868	33 867	33 867
Vaksenopplæring	3 216	3 991	3 250	3 250	3 250	3 250
Barnevern	10 958	9 445	10 123	10 123	10 123	10 123

Tildelingskontor	2 179	2 140	2 240	2 240	2 240	2 240
Pleie og omsorg	105 722	96 148	96 958	96 958	96 958	96 958
Bu- og miljøtenesta	47 680	45 256	45 698	45 698	45 698	45 698
Sosialtenester	5 263	7 188	7 679	7 679	7 679	7 679
Helse	39 829	35 379	38 964	38 964	38 964	38 964
Fritidstiltak	3 252	3 272	3 312	3 312	3 312	3 312
Kultur	3 112	3 345	2 943	2 943	2 943	2 943
Komm. Tek. forretningsdrift	-6 579	-10 183	-10 184	-10 184	-10 184	-10 184
Tekniske tenester	14 966	14 290	14 412	14 412	14 412	14 412
FDV - Forvaltning/Drift/vedlikehald	29 061	30 475	31 026	31 026	31 026	31 026
Skatt/rammetilskot/renter/avdrag	-16 698	-16 745	-11 295	-12 295	-15 795	-15 795
Momskompensasjon	-13 086	0	0	0	0	0
Sum bevilningar drift, netto	385 788	383 597	394 812	387 123	382 889	382 889
Av dette:						
Avskrivninger	6 114	6 097	6 097	6 097	6 097	6 097
Motpost avskrivninger	-6 114	-6 098	-6 098	-6 098	-6 098	-6 098
Netto renteutgifter og -inntekter	20	1	1	1	1	1
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-6 736	-7 311	-7 311	-7 311	-7 311	-7 311
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-2 205	0	0	0	0	0
Korrigert sum bevilningar drift, netto	394 708	390 908	402 123	394 434	390 200	390 200

Det er sentrale endringar og utfordringar frå 2021 og inn i nytt budsjettår og ny planperiode som gjev utslag på drifta. Dette gjeld følgjande hovedmoment;

- Lønsvekst i høve statsbudsjett 2022 på 3,2% (+ 10,2 mill)
- Pensjon 2022 (KLP/SPK), auke i nivå (+ 1,4 mill)
- Vidareføring av kostnadsbehov ferie revidert budsjett 2021 (+ 3,2 mill)
- Auka kostnad (endra rammevilkår), reduksjon i refusjon frå ressurskr. brukarar (+ 2,7 mill)
- Eigedomsskatt 10-årstaksering næring/bustad/fritid 2022, gjev inntektsauke (- 2,5 mill)
- Sal av konsesjonskraft Årdal Kraftlag overført til fond (+ 4,5 mill)

Prisar, satsar og gebyr

Prisar, satsar og gebyr for kommunen sine tenester er gjennomgått ute på områda, og er korrigert med ein generell auke i prisar på om lag 3%. Dette gjeld prisar og gebyr som ikkje er underlagt lovbestemt prissettingar.

Kommunale tenester som har ein større prisauke enn om lag 3% er;

VAR – prisauke grunna dyrare drift av tenester og ingen fondsmidlar

Feieteneste – prisauke grunna omlegging til eigen feiar og tilpassing av nytt regelverk

Tiltak/prioriteringar

Kommunedirektøren har prioritert følgjande tiltak knytt til tenesteytinga i kommunen utifrå behov og gjeldande vedtak.

Utdanning og oppvekst

- Tangen Skule; tilpassing kostnader læreverk lisensar kr 107'
- Farnes Skule; tilpassing kostnader BV i og utanfor kommunen kr 440'
- Skulane/SFO; utgreiing av framtidig struktur
- Barnehagar; behalde minstenorm for bemanning, samt oppretthalde tildeling av plassar utover lovfesta rett (fleksibilitet i tildeling) kr 1,2 mill
- Barnehagar; utgreiing av framtidig struktur
- PPT; auke refusjonsgrunnlag (inntekt) samarbeidsavtale Lærdal kr 245'
- Barnevern; auke tenestenivå frå 2021 og tilpassing barnevernreform kr 550'
- Vaksenopplæring; tilpassing av tenestetilbodet etter deltakarar. Justering av leiingstruktur

Helse og omsorg

- Tildelingskontor; oppgradering og SvarUt Gerica kr 100'
- Pleie og omsorg; nytt tiltak BPA kr 2 mill
- Pleie og omsorg; auke driftskostnad tryggleiksalarmar kr 203'
- Pleie og omsorg; endring (nedgang) refusjon ress.krevjande brukarar kr 630'
- Pleie og omsorg; auke ferievikar budsjett jmfr bemanning kr 2 mill
- Bu- og miljø; endring (nedgang) refusjon ress.krevjande brukarar kr 360'
- Bu- og miljø; auke ferievikar budsjett jmfr bemanning kr 1,3 mill
- Helse; Helsenorge ePortal kr 100'
- Helse; kjøp av tenester frå staten (Norsk Helsenett) kr 100'
- Helse; endring (nedgang) refusjon ress.krevjande brukarar kr 1,7 mill
- Helse/Psykisk Helseteneste; auke driftsbudsjett etter 1. år drift/tenesteyting kr 1 mill
- Sosialtenester; reduksjon (nedgang) tilskot frå staten kr 465'

Kultur, miljø og samfunn

- Fritidstiltak; oppretthalde lågterskeltilbod ungdom Åtg kr 100'
- Fritidstiltak; oppretthalde tenestenivået knytt til fritidsklubb/tysdagsklubben frå 2021
- Kultur; oppretthalde tenestenivået knytt til folkebibliotek og kino frå 2021
- VAR; auke gebyr for oppretthalde driftsnivå og tilpassing av drift etter bl.a. fråfall handsaming av sjukehusavfall fom. 2022
- VAR; implementering av adm. system (KomTek) kr 400'
- Feieteneste; opprette eigen kommunal feieteneste. Ny feiarstilling, sjølvkostprinsipp
- FDV; Teknisk vakt inkl utrykning auke i kostnad kr 200'
- FDV; forbruksmateriell reingjering auke i kostnad kr 100'
- FDV; fyringsolje og fyringsparafin, auke i kostnad grunna miljøkrav kr 400'
- FDV; forsikring bygningar og anlegg, prisauke kr 100'
- FDV; auke i husleiger (burettslag) grunnar lånopptak, generell prisauke ol. kr 200'

Administrasjon og politikk

- Politisk; utgifter til møtegodtgjerdslø og pensjon kr 260'
- Årdal kommune; vidareføring av tre prosjekt innan omdømme, bustadutvikling og miljø, med kostnad på kr 3 mill. i 2022. Finansiert ved inndekning via disposisjonsfond
- Næringsutvikling; uendra driftsnivå Årdal Utvikling i planperioden på kr 5,2 mil. pr år. Finansiert ved inndekning via næringsfond
- Samarbeid; avtale med ViteMeir kr 200'

- Samarbeid; vassområdekoordinator kr 50'
- Samarbeid; personvernombod kr 250'
- Samarbeid; digiVestland kr 180'
- Samarbeid; Byggesak tilsyn, del av stilling kr 250'
- Skredvurdering; konsulent kostnad kr 50'
- Naturkartlegging i samband med utbygging (arealplan); kr 500'
- Planverk; konsulenttenester kr 500'
- Prosjekt statlege arbeidsplassar; konsulenttenester kr 100'
- Brannvern; auke kursmidlar til befalsutfanning kr 40' (total kr 300')
- IKT; auke i driftsutgifter knytt til auke i lisensar/programvare kr 285'

Nedprioritering/innsparing

Kommunedirektøren skal avlegge budsjett 2022 og økonomiplan for 2022-2025 i balanse, og lyt gjennomføre nedprioriteringar utfrå utvikling og endring i rammevilkår.

I tillegg bør fokus ligge på områder der hovedtyngden av ressursbruken er gjeldande, samstundes med ein vurdering opp mot lovpålagt/ikkje lovpålagt tenesteyting. For tenester innan lovpålagde oppgåver, må nivået på desse vurderast og i enkelte høve justerast. Med dette som bakgrunn vert følgjande tiltak til innsparing lagt fram.

Årdal kommune / Økonomiplan tiltak

For økonomiplan 2022-2025 legg kommunedirektøren fram eit tiltak knytt til omstilling og tilpassing av driftsnivå til kommunen basert på KOSTRA-analysar og statistikk frå SSB. Dette vert eit tiltak som vil utarbeidast som eit prosjektmandat og vil involvera alle tenesteytande områder og administrative funksjonar.

I økonomiplan 2022-2025 er tiltaket innarbeidd med ein innsparing på omlag kr 6 mill fordelt på åra frå 2022 og framover til 2025. Det er heft usikkerheit knytt til dette talgrunnlaget, då rammevilkåra i same tidsperiode kun er prognose og statistikk.

Vidare for årsbudsjettet 2022 gjeld følgjande tiltak:

Utdanning og oppvekst (kr 2 mill)

- Skule; nedtak bemanning kr 1,1 mill
- SFO; justering av personalressursar innsparing kr 366'
- Vaksenopplæringa; redusert leiingsressurs, innsparing kr. 165'
- Årdal kulturskule; reduksjon 0,5 årsverk, innsparing kr 370'

Helse og omsorg (kr 3,1 mill)

- Pleie og omsorg; sjukeheimane redusert drift kr 600'
- Pleie og omsorg; avslutte prøveprosjekt grunnbemanning kr 1,1 mill
- Pleie og omsorg; redusere dagseter demente 3 til 2 dag kr 320'
- Bu- og miljøtenesta; reduksjon omsorgsløn kr 150'
- Bu- og miljøtenesta; overføring brukar, tilpasse bemanning kr 250'
- Sosialtenester/NAV; halde vakant 50% stiling sakshandamar kr 350'

- Sosialtenester/NAV; justere nivå tiltaksplassar Sogn Vekst kr 400'

Kultur, miljø og samfunn (kr 1 mill)

- Teknisk; overføre 50% stillingsressurs til VAR kr 271'
- Teknisk; reforhandle avtale vedlikehald veg kr 140'
- FDV; sal av rådhus II, reduksjon drift kr 340'
- Overføre varslings24 til VAR kr 50'
- Brannvern; overføre 30% branninspektørstilling til feieteneste (sjølvkost) kr 201'

Administrasjon og politikk (kr 0,8 mill)

- Politisk; utgifter til Stortingsval 2021 redusert kr 300'
- Adm.; reduksjon konsulenttenester 10-års taksering eigedomsskatt kr 500'

Framlegget til budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 har innarbeidd ein positiv utvikling på netto driftsresultat og avsetning til disposisjonsfond. Men Årdal kommune har framleis ingen særleg bærekraftig kommuneøkonomi på lang sikt, til det er dei finansielle måltala for låge.

Kommunen må fortsatt ha fokus på omstilling og strukturendring innanfor alle områder, slik at tenesteytinga vert best mogleg innanfor tilgjengelege ressursar og effektivitet. På den måten kan kommunen oppnå eit positivt netto driftsresultat og bygge opp den frie eigenkapitalen og bidra til eigenfinansiering av investeringar. Dette vil og bidra til at kommunen vert mindre sårbar for svingningar i økonomien og møte uføresette hendingar i drift som har økonomiske konsekvensar.

INVESTERINGSREKNESKAP

§ 5-5 Bevilningsoversikt – investering (2A)

Beløp i 1000	Rekn.skap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025
Investeringer i varige driftsmidler	54 065	44 335	30 610	47 660	110 810	98 560
Tilskudd til andres investeringer	1 738	1 800	0	0	0	0
Utlån av egne midler	8 355	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	14 419	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	80 230	46 135	30 610	47 660	110 810	98 560
Kompensasjon for merverdiavgift	-6 815	-6 457	-3 832	-6 722	-20 012	-19 112
Tilskudd fra andre	-2 084	-6 000	0	0	0	0
Salg av varige driftsmidler	0	0	0	0	0	0
Utdeling fra selskaper	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-2 130	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-51 967	-31 878	-26 978	-40 938	-90 798	-78 448

Sum investeringsinntekter	-78 228	-44 335	-30 610	-47 660	-110 810	-98 560
Overføring fra drift	0	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	-23	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	2 026	0	0	0	0	0
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0	0	0
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	2 003	0	0	0	0	0
Framført til inndeckning i seinare år (udekt)	0	0	0	0	0	0

§ 5-5 Bevilningsoversikt – investering (2B)

INVESTERINGSBUDSJETT					
	2022	2023	2024	2025	Total
IKT-SKULE	1 060 000	1 060 000	1 060 000	1 060 000	4 240 000
IKT-PLATTFORM UTSTYR SERVERROM	500 000	500 000	500 000	500 000	2 000 000
IKT-INVESTERING TENESTEOMRÅDA	500 000	500 000	500 000	500 000	2 000 000
SKULANE - IMPLEMENTERING NYE LÆREVERK	950 000	950 000			1 900 000
BHG IKT	500 000				500 000
OMSORG - INVESTERINGSPLAN	500 000	500 000	500 000	500 000	2 000 000
UTGREIING NY SKULE OG BHG STRUKTUR	500 000				500 000
PROSJEKTMIDLAR OMSORGSSENTER	1 000 000				1 000 000
STRUKTURELLE INV. I OMSORG/OMSORGSSENTER		20 000 000	90 000 000	90 000 000	200 000 000
GATELYS LED	500 000	500 000	500 000		1 500 000
UTSKIFTING AV BILAR OG UTSTYR	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	8 000 000
LYSSETTING TURSTIAR (VASSBUGEN-LOI)	2 400 000				2 400 000
FDV MINDRE INVESTERINGAR	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	4 000 000
FDV FJERNVARME ØÅ - REINSEANLEGG FOR VATN	1 300 000				1 300 000
KJØP AV LEILEGHEIT (Åtg)	2 000 000				2 000 000
IDRETTS OG ANLEGGSPPLAN	1 000 000	3 000 000			4 000 000
PORT OFFERDALSTUNNEL	200 000				200 000
NYTT NØKKELSYSTEM ÅRDAL KOMMUNE		2 000 000			2 000 000
REVISJON HOVEDPLAN		400 000			400 000
OFREDALSTUNNELEN - SIKRING			3 000 000		3 000 000
LED BELYSNING ÅRDALSHALLEN	350 000				350 000
OMBYGGING/REHABILITERING KOMM. LEILEGHEITAR	1 000 000				1 000 000
LYS KAMERA SKULEPLASS FARNES SKULE	150 000				150 000
TILSTANDSANALYSE/TILTAKSPPLAN FARNES UNGDOMSSKULE	200 000				200 000
TILSTANDSANALYSE/TILTAKSPPLAN ÅRDALSHALLEN		200 000			200 000
MALING AV BYGG	700 000	500 000	1 000 000		2 200 000
REINHALDSPROGRAM	200 000				200 000
BRANN - REDNING OG KAPSMODUL UTW	150 000				150 000
MILJØFYRTÅRN - ÅRDAL KOMMUNE	200 000				200 000
MILJØKARTLEGGING SKULAR (ASBEST)	100 000				100 000
REHABILITERING FASASE RÅDHUSET		500 000			500 000
LADESTASJONAR EL-BIL SENTRALBYGG/RÅDHUSET	200 000				200 000
TOTAL INVESTERING EKS VAR	19 160 000	33 610 000	100 060 000	95 560 000	248 390 000
VATN	8 150 000	5 950 000	3 750 000	1 000 000	18 850 000
AVLØP	2 900 000	7 600 000	3 400 000	1 000 000	14 900 000
RENOVASJON	400 000	500 000	3 600 000	1 000 000	5 500 000
TOTAL VAR	11 450 000	14 050 000	10 750 000	3 000 000	39 250 000
TOTALT	30 610 000	47 660 000	110 810 000	98 560 000	287 640 000

Utgangspunktet for investeringane i planperioden 2022-2025 er gjeldande økonomiplan 2021-2024 og oppdaterte handlingsplanar frå FDV og VAR.

Dei framtidige investeringane kommunen legg til grunn, er i hovudsak lagt opp med hovedprioritering mot vedteken helse- og omsorgsplan der rehabilitering av sjukeheim og strukturelle investeringar innan helse og omsorg er sentralt. I planperioden 2022-2025 er dette lagt inn med ein investering på 200 mill kr av eit totalt investeringsbudsjett på 248 mill kr.

Idretts- og anleggsplan for Årdal kommune skal reviderast i 2022. Der må det gjerast vedtak om prioritering av kva kommunale anlegg som skal få omgrepet hovudanlegg i kommunen. I utval for oppvekst og kultur 4. november 2021 vart det gjort framlegg om at Jotun stadion skal vere hovudanlegg for fotball og friidrett. Det må gjerast tilsvarende vedtak for andre idrettar som turn og handball til dømes. Med den økonomiske stoda i Årdal kommune må ein i framtida gjere rekning med at idrettslaga som brukar dei ulike anlegga vert med i finansieringa av rehabilitering og nybygging av idrettsanlegg.

Investeringar på teknisk, plan og miljø:

Det er komen på nokre nye prosjekt for budsjett 2022. Porten i Offerdalstunnelen treng rehabilitering. Det er og behov for å oppgradera nøkkelsystemet da det er mange hovudnøklar som ikkje er gjort rede for.

Det er i 2022 eit ynskje om å skifta belysning i Årdalshallen til led-lys. Dette med bakgrunn i sparing av straum samt betre lys.

Det er og lagt inn måling av bygg i kommunen. Måling vil ligga fast inne dei neste åra, utfrå utarbeida prioriteringsliste.

På reinhald må ein investera i eit databasert reinhaldsprogram. Riktig reinhald er viktig og nødvendig med tanke på helse, miljø og trivsel. Det er eit aukande krav til kvalitet og effektivitet. Det er og krav til dokumentasjon, og at dette kan dokumenterast i form av både planlagt og utført arbeid, ekstraarbeid og avvik.

Syner til eigen sak på handlingsplanane knytt til VAR-området.

I tillegg vert uferdige prosjekt med bevilgning i 2020 overført til 2021, jmf sak om budsjettendringar investeringsbudsjett 2020 som vert fremja som eigen sak i formannskap.

Tilråding:

1. Driftsråmene vert vedtekne med netto utgift pr ansvar slik det kjem fram i budsjettskjema §5-4 Sum bevilningar drift, netto.
2. Investeringsbudsjettet for 2022 vert vedteke slik det kjem fram i invsteringsoversynet i saka, jmf §5-5 Bevilingsoversikt investering.
3. Skattemarginen:
Marginen/kommunal skatteøyre vert fastsett til 10,95%. Forskotsskatt og

forskotstrekk for 2022 på personlegeskatteytarar vert skrive ut etter høgste satsane som Stortinget har vedteke for inntekt og formue.

4. Kommunale avgifter, satsar og prisar:
Prisane vert endra frå 01.01.22, slik det går fram av prislista som ligg som vedlegg til denne saka.

Termininnbetaling på offentlege skattar og avgifter:

Kommunale avgifter (vatn, kloakk, renovasjon og feiing) og eigedomsskatt skal betalast i 4 terminar, med forfall: 15. februar, 15. mai, 15. august og 15. november.

5. Husleigenivå:

Husleigene i kommunale utleigebustadar vert justert frå 01.01.22.

6. Næringsfondet:

Det vert nytta kr. 6.092.000,- av næringsfondet til fylgjande overføringar:

Visit Sognefjord	Kr 320.000,-
Sogn Regionråd	Kr 472.000,-
Veterinærtenesta	Kr. 100.000,-
Årdal Utvikling	Kr. 5.200.000,-

7. Eigedomsskatt:

a. Årdal kommune skriv ut eigedomsskatt med heimel i paragraf 3 a i lov om eigedomsskatt, dvs, alle faste eigedommar.

b. Skattesatsen er 7 promille av skattetakstgrunnlaget. For bustader og fritidseigedomar er skattesatsen 4 promille av skattetakstgrunnlaget gjeldande frå 2021. Jmfr esktl. §11 første ledd

c. For eigendomsskatteåret 2022 skal det også skrivast ut eigendomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i medhald av overgangsregelen til eiendomsskatteloven §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2022 være lik 5/7 av differansen mellom eiendomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaket av nye verdsettelsesreglar og at produksjonsutstyr- og installasjoner ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som fra og med 2019 blir ansett som næringseigedom.

Bruk av overgangsbestemmelsen innebærer at kommunen innan utskrivingsfristen, dvs. 1. mars 2019, må ha fastsatt nye eiendomsskattegrunnlag for alle verk og bruk som blir næringseiendom for å kunne beregne det særskilte grunnlaget som skal trappes ned. Ved denne retakseringen skal takstgrunnlaget kun omfatte tomt, bygg og maskiner som tjener bygget eller eiendommen. I tillegg skal taksten være fastsatt etter den nye verdsettelsesregelen i esktl. § 8 A - 2 første ledd: «Verdet av eiendommen skal setjast til det beløp ein må gå ut frå at eiendommen etter si innretning, brukseigenskap og lokalisering kan bli avhenda for under vanlege salstilhøve ved fritt sal. Verdet av næringseigedom skal setjast til teknisk verdi når det ikkje er mogleg å fastsetje verdet etter regelen i første punktum.»

d. For eiendomsskatteåret 2022 skal det vidare skrivast ut eigendomsskatt på bygninger og grunnareal for verk og bruk som fra og med 2019 blir ansett som næringseiendom, så langt disse var omfatta av eiendomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eiendomsskatteloven §§ 3 og 4 andre ledd.»

e. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar med forfall: 15. februar, 15. mai, 15. august og 15. november.

f. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar Årdal kommune tidlegare

vedtekne skattevedtekter.

8. Fritak for eideomsskatt

Fritak for eideomsskatt for skatteåret vert annonsert og objekteigane må søka om fritak for skatteåret 2022 (Jfr. Lov om eideomsskatt).

8. Årdal kyrkjelege fellesråd:

Overføringen til Årdal kyrkjelege fellesråd vert fastsett til kr. 4.750.000,- for 2022.

9. Låneopptak:

Finansieringa av investeringane i 2022 i samsvar med investeringsbudsjettet, vert dekkja inn med låneopptak. Låneopptaket kjem fram i budsjettskjema §5-5
Bevilningsoversikt – investering (2A).

10. Eigenkapitalinnskott KLP/bruk av premiefond:

Eigenkapitalinnskottet til KLP på omlag kr. 1.900.000,- vert finansiert med bruk av ubunde kapitalfond. Ein eventuell rest på premiefond i KLP skal nyttast til betaling av pensjonskostnadane i 2022.

Vedlegg:

Hovuddokument - budsjett 2022, økonomi og handlingsplan 2022-2025

Prisar, satsar og gebyr 2022 - budsjettframlegg

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
041/21	Årdal eldreråd	22.11.2021

Sakshandsamar: Lene Risløw

Arkiv: K1-033

Arkivsaksnr. 21/1188 - 21/14335

Uttale til budsjett/handlingsplan 2022

Høyringsfristen er ca 3. desember

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
042/21	Årdal eldreråd	22.11.2021

Sakshandsamar: Lene Risløw

Arkiv: K1-033

Arkivsaksnr. 21/1188 - 21/14336

Ringbussen

Lene Risløw har prøvd å laga ein oversikt over når og kor Ringbussen går i Årdal. Dette kombinert med eit forståeleg kart må Eldrerådet laga ein plan for å få kunnskapen ut til folk.

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
043/21	Årdal eldreråd	22.11.2021

Sakshandsamar: Lene Risløw

Arkiv: K1-033

Arkivsaksnr. 21/1188 - 21/14337

Tonoavgift

Møtesekretær har motteke eit brev frå fylkeskommunen ang Tonoavgift. Rådet må truleg bestemme kva praksis me skal ha med tanke på Tono-avgifta.

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
044/21	Årdal eldreråd	22.11.2021

Sakshandsamar: Lene Risløw

Arkiv: K1-033

Arkivsaksnr. 21/1188 - 21/14338

Underhaldning - Helge Folgerø

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utvall	Møtedato
045/21	Årdal eldreråd	22.11.2021

Sakshandsamar: Lene Risløw

Arkiv: K1-033

Arkivsaksnr. 21/1188 - 21/14339

Ymse

Her tek Eldrerådet opp saker som har dukka opp sidan førre møte.